| Forvaltningsrevisjon | Bestilt | Tidsbruk | Status | Ferdig dato | Merknader |
|--------------------------------|----------|-----------|----------------|--------------|-----------|
| «Budsjett – og økonomistyring» | 11.02.14 | 200 timer | Til behandling | Hausten 2014 | |
| Selskapskontroller | | | | | |
| Andre saker | | | | | |

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

| Forvaltningsrevisjon | Bestilt | Behandla i KU | Behandla i KST | Planlagt oppfølging | Merknader |
|--------------------------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|-----------|
| Vedlikehold av komm. bygg og anlegg» | 28.05.13, sak 16/13 | 12.11.13, sak 21/13 | 26.11.13, sak 62/13 | Hausten 2014 | 200 t. |
| Selskapskontroll | | | | | |
| Andre saker | | | | | |

Avslutta prosjekter pr. februar

| Forvaltningsrevisjon | Bestilt | Behandla i KU | Behandla i KST | Fylgt opp | Merknader |
|---|--------------------|---------------------|--------------------|---------------------|-----------|
| Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 | 22.05.12 sak 11/12 | 20.11.12, sak 23/12 | 08.12.12 Sak 91/12 | I 4-års perioden | |
| Selskapskontroll | | | | | |
| Plan for selskapskontroll 2012- 2016 | – | 18.09.12, sak 18/12 | 08.12.12 sak 92/12 | I 4-års perioden | |
| Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS | 24.05.12 sak 11/12 | 05.03.13, sak 3/13 | 19.03.13 sak /13 | 26.11.13, sak 61/13 | |
| Andre saker | | | | | |



NOTAT

Arkiv: 461

SYKEFRAVÆRSSTATISTIKK 4 KVARTAL 2014, OG HELE 2013

Årsrapport : Sykefraværprosenten i 2013 var 8,0 %. Viss vi sammenlikner med 2012 er det en oppgang på 0,2 %.

Utvikling sykefravær 2005-2013 totalt pr. år:

| Prosent syk | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | |
|--------------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|---------|
| Utvikling total % pr. år | 6 | 7,1 | 7,1 | 7,7 | 8,3 | 7 | 6,9 | 7,8 | 8,0 | ▲ 0,2 % |

| Pr resultatområde | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | |
|----------------------|------|------|------|------|------|------|---------|
| Rådmannens stab | | | | 8,6 | 5,8 | 7,1 | ▲ 1,3 % |
| Aktivitet og omsorg | | | | 8,2 | 10,4 | 10,9 | ▲ 0,5 % |
| Helse og forebygging | | | | 7,9 | 7,6 | 9,3 | ▲ 1,7 % |
| Skole | 7 | 7,7 | 4,8 | 5,1 | 6,2 | 5,1 | ▼ 1,1 % |
| Kultur | 4,1 | 4,2 | 8,8 | 4,6 | 4,0 | 3,8 | ▼ 0,2 % |
| Teknisk | 4,6 | 5,2 | 5,8 | 4,3 | 7,7 | 9,2 | ▲ 1,5 % |
| Barnehage | 10 | 13,6 | 8,7 | 8,8 | 9,9 | 9,2 | ▼ 0,7 % |

Mrk: Grunna omorganisering har en ikke sammenligningsgrunnlag for rådmannens stab, Aktivitet og omsorg, og Helse og forebygging før 2011.

Når det gjelder resultatområda ser vi ein nedgang i fraværet i resultatområde Skole, Barnehage og Kultur. På den andre sida ser vi ein oppgang i fraværet hos Helse og Forebygging, Teknisk, rådmannens stab og Aktivitet og omsorg.

Kvartalsrapport -4 kvartal 2013

| SYKEFRAVÆRSRAPPORT TYSVÆR KOMMUNE 4.KVARTAL 2011-2013 | | | | | | | | | | | | | |
|---|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|---------|
| Prosent syk | 1.kv. 11 | 2.kv. 11 | 3.kv. 11 | 4.kv. 11 | 1.kv. 12 | 2.kv. 12 | 3.kv. 12 | 4.kv. 12 | 1 kv. 13 | 2.kv. 13 | 3. kv 13 | 4. kv 13 | |
| Kvinner | 9,8 | 7,3 | 5,1 | 8 | 10,1 | 8,4 | 6,2 | 9,2 | 10,4 | 7,4 | 7,1 | 9,0 | ▼ 0,2 % |
| Menn | 5,4 | 4,1 | 3,4 | 3,7 | 5,4 | 4,5 | 3,7 | 5,3 | 6,7 | 6,4 | 3,6 | 3,9 | ▼ 1,5 % |
| Total | 8,9 | 6,6 | 4,7 | 7,1 | 9,1 | 7,6 | 5,7 | 8,4 | 9,6 | 7,2 | 6,4 | 8,0 | ▼ 0,4 % |

I perioden 4.kvartal 2013 var det totale sykefraværet på 8,0 %. Når vi sammenlikner med samme kvartal i 2012 er det ein nedgang på 0,4%. Den kjønnsmessige fordelinga viser at sykefraværet for kvinner har gått ned med 0,2 %, og for menn 1,5 %.

Sykefravær fordelt pr. resultatområde-4.kvartal 2013

| SYKEFRAVÆRSRAPPORT TYSVÆR KOMMUNE - OVERSIKT RESULTATOMRÅDER | | | | | | | | | | | | | | |
|--|------------|------------|-----------|-----------|------------|------------|------------|------------|-------------|-----------|-----------|------------|-------------|---------|
| Prosent syk | 4.kv 10 | 1 kv 11 | 2kv 11 | 3kv 11 | 4.kv 11 | 1.kv 12 | 2.kv 12 | 3.kv 12 | 4. kv 12 | 1kv 13 | 2kv 13 | 3.kv 13 | 4. kv 13 | |
| Rådmannen sin stab | | 11,2 | 11,3 | 5,1 | 7,6 | 6,8 | 4,6 | 3,6 | 7,6 | 12,2 | 5,4 | 4,4 | 5,3 | ▼ 2.3 % |
| Aktivitet og omsorg | | 11,3 | 7,7 | 5,3 | 7,9 | 9,4 | 9,7 | 9,3 | 12,3 | 14,1 | 10,3 | 9,2 | 9,5 | ▼ 2.8 % |
| Helse – og forebygging | | 9,3 | 7 | 6,8 | 7,9 | 9,7 | 7,8 | 5,2 | 7,6 | 10 | 9,9 | 9,2 | 7,0 | ▼ 0.7 % |
| Kultur | 9,4 | 5,4 | 7,2 | 1,5 | 3,9 | 4,8 | 3,8 | 3,3 | 3,6 | 4,6 | 3,7 | 3,5 | 3,3 | ▲ 0,3 % |
| Teknisk | 4,9 | 4,5 | 3,3 | 5,3 | 3,5 | 7,8 | 6,8 | 6,9 | 8,2 | 8,7 | 7,6 | 11,7 | 8,8 | ▲ 0,6 % |
| Barnehage | 10,3 | 11,3 | 7 | 6 | 10,8 | 13,2 | 10 | 6,7 | 9,7 | 9,8 | 6 | 6,6 | 12,9 | ▲ 3,2 % |
| Skole | 4,7 | 6,5 | 5 | 3,1 | 5,5 | 8,2 | 6,3 | 3,7 | 6,5 | 6,2 | 5,2 | 3,0 | 6,0 | ▼ 0.5 % |

Barnehage har en økning i 4. kvartal 2013 på 3,2 %, Teknisk og Kultur har en mindre økning. I Aktivitet og Omsorg er det en nedgang på 2,8 prosent. Vi ser også ein nedgang i Rådmannen sin stab, Helse – og forebygging og Skole.

Statistikk fra andre kommuner :

Denne statistikken er henta fra NAV statistikk 3. kvartal 2013, og viser hvordan vårt legemeldte fravær er til sammenlikning med andre kommuner vi kan sammenligne oss med.

Sykefraværet i Tysvær kommune sammenlignet med kommuner 3. kvartal i årene 2008 – 2012

| LEGEMELDT SYKEFRAVÆR ETTER SEKTOR. 3 KVARTAL 2013 | | | | | |
|---|------------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Kommuner | 3. kv.2009 | 3.kv.2010 | 3.kv.2011 | 3.kv.2012 | 3.kv.2013 |
| Rogaland | 7 | 6,3 | 6,3 | 5,8 | 5,8 |
| Tysvær | 8,9 | 6,1 | 6,9 | 7,2 | 5,9 |
| Bømlo | 7,2 | 6,5 | 5 | 6 | 6,1 |
| Eigersund | 6,3 | 5,5 | 5,9 | 6 | 5,5 |
| Gjesdal | 6,1 | 5,2 | 4,5 | 4,9 | 4,8 |
| Klepp | 7,7 | 5,5 | 6,9 | 5,8 | 6,1 |
| Kvinnherad | 8,1 | 7,5 | 7,3 | 6,9 | 5,9 |
| Mandal | 6,9 | 6,7 | 6,8 | 5,1 | 6,1 |
| Randaberg | 6,7 | 6,7 | 7 | 5,1 | 4,7 |
| Strand | 6,4 | 5,6 | 5 | 5,7 | 5,7 |
| Vennesla | 8 | 7 | 8,4 | 7 | 6,7 |
| Vindafjord | 6 | 5,8 | 5,7 | 6,3 | 5,5 |

Snittet i Rogaland er 5,9 %, snittet i de kommunene vi sammenlikner oss med er 5,7 %, og Tysvær kommune ligger på 5,9% når det gjelder legemeldt fravær i 3. kvartal 2013.

Sjukefravær 2013

| | Antall ansatte | Mulige dagsverk | Fravær inntil 16 dager | Andel | Fravær over 16 dager | Andel | Total fravær | Andel | Endring frå 2012 |
|----------------------|----------------|-----------------|------------------------|--------------|----------------------|--------------|---------------|--------------|------------------|
| Rådmannens stab | 104 | 16159 | 438 | 2,7 % | 695 | 4,3 % | 1126 | 7,0 % | 1,2 % |
| Skule | 380 | 66957 | 1021 | 1,5 % | 2438 | 3,6 % | 3447 | 5,1 % | -1,0 % |
| Aktivitet og omsorg | 369 | 46809 | 1469 | 3,1 % | 3694 | 7,9 % | 5121 | 10,9 % | 0,5 % |
| Helse og førebygging | 179 | 26075 | 521 | 2,0 % | 1922 | 7,4 % | 2435 | 9,3 % | 1,5 % |
| Kultur | 70 | 6372 | 121 | 1,9 % | 121 | 1,9 % | 243 | 3,8 % | -0,4 % |
| Teknisk | 120 | 21214 | 396 | 1,9 % | 1588 | 7,5 % | 1943 | 9,2 % | 2,3 % |
| Barnehage | 189 | 30589 | 1074 | 3,5 % | 1768 | 5,8 % | 2817 | 9,2 % | -0,9 % |
| Total | 1411 | 214 174 | 5 040 | 2,4 % | 12 226 | 5,7 % | 17 132 | 8,0 % | 0,2 % |


Sykefraværet i 2013 var totalt for kommunen 8 %.

Dette er fordelt med 2,4 % på korttidsfravær (fravær mindre enn 16 dager) og 5,6 % på langtidsfravær (fravær utover 16 dager). Det har vært en økning i fraværet på 0,2 prosentpoeng i forhold til 2012 på totalfraværet.

Andel sykefravær ser slik ut:



Aktivitet og omsorg har den største andelen sykefravær i 2013, mens Kultur har lavest andel. Dette er beregnet uti fra totalfravær i området i forhold til total fravær i kommunen.



Skule har hatt den største prosentvise nedgangen fra 2012 til 2013 på 1,0 %, fra 6,1 % til 5,1 %. Teknisk har hatt en økning på 2,3 % fra 6,9 % til 9,2 %

Kostnaden på sykefraværet er satt opp imot lønnskostnaden, som er utregnet med art 10100 (fast lønn) og art 10101 (lærerlønn) pluss 28 % til dekning av pensjon, arbeidsgiveravgift og forsikringer. Videre er det utregnet en dagsverkslønn innenfor hvert enkelt området som danner grunnlaget for kostnaden.

Korttidssykefraværet kosta oss 10,9 mill i 2013. Dette er lønn som den som er sjuk får selv om han ikke er på jobb. Resultatet av korttidssykefraværet er på enkelte områder redusert "produksjon" av tjenester, redusert "kvalitet" av tjenestene og i noen områder er det en økt kostnad på grunn av at vikarbruk er nødvendig for å opprettholde tjenesteproduksjonen.

Av tabellen nedenfor ser ein dette for dei enkelte områdene.

| | Total lønn | Lønn i frávær mindre enn 16 dager | Lønn til langtids frávær | Refusjon sjukdom | Vikar sjukdom | Total kostnad sjukdom |
|----------------------|-----------------------|-----------------------------------|--------------------------|-----------------------|----------------------|-----------------------|
| Rådmannens stab | kr 27 497 544 | kr 744 511 | kr 1 182 538 | kr -952 285 | kr 220 373 | kr 1 195 137 |
| Skule | kr 153 844 430 | kr 2 346 841 | kr 5 601 950 | kr -4 038 974 | kr 3 327 439 | kr 7 237 256 |
| Aktivitet og omsorg | kr 108 257 129 | kr 3 398 126 | kr 8 543 536 | kr -5 654 507 | kr 7 559 022 | kr 13 846 177 |
| Helse og førebygging | kr 63 368 251 | kr 1 266 160 | kr 4 669 723 | kr -2 928 147 | kr 3 002 358 | kr 6 010 094 |
| Kultur | kr 15 261 880 | kr 290 278 | kr 290 278 | kr -207 218 | kr 169 198 | kr 542 536 |
| Teknisk | kr 30 853 846 | kr 576 234 | kr 2 310 028 | kr -2 068 742 | kr 1 515 390 | kr 2 332 910 |
| Barnehage | kr 65 013 463 | kr 2 282 050 | kr 3 756 871 | kr -2 711 605 | kr 3 114 055 | kr 6 441 371 |
| Total | kr 464 096 543 | kr 10 904 200 | kr 26 354 924 | kr -18 561 478 | kr 18 907 835 | kr 37 605 481 |

Rent regnskapsmessig effekt for Tysvær kommune for 2013 har en brukt 340 000 kr. mer på lønn. Dette skyldes at de tjenestene som er avhengig av løpende produksjon må sette inn vikar i sin tjeneste Aktivitet og omsorg har satt inn vikar for 1,9 mill. kroner mer enn de har mottatt i refusjon. Dette skyldes nok at en er avhengig av vikar før arbeidsgiverperioden utløper. I motsatt ende har skule hatt 711 000 i mindre kostnad på vikar bruk i forhold til refusjonskrav. Dette viser at skule dekker sitt korttidsfrávær på en annen måte enn de tjenestene som har merforbruk på vikar.

| I kroner | Rådmannens stab | Skule | Aktivitet og omsorg | Helse og førebygging | Kultur | Teknisk | Barnehage | Total |
|--------------------------------|------------------|------------------|---------------------|----------------------|----------------|------------------|------------------|-------------------|
| Vikar lønn | 220 373 | 3 327 439 | 7 559 022 | 3 002 358 | 169 198 | 1 515 390 | 3 114 055 | 18 907 835 |
| Refusjon sjukdom | -952 285 | -4 038 974 | -5 654 507 | -2 928 147 | -207 218 | -2 068 742 | -2 711 605 | -18 561 478 |
| Regnskapsmessig effekt | -731 912 | -711 535 | 1 904 515 | 74 211 | -38 020 | -553 352 | 402 450 | 346 357 |
| Lønn i frávær | 1 927 049 | 7 948 791 | 11 941 662 | 5 935 883 | 580 556 | 2 886 262 | 6 038 921 | 37 259 124 |
| Total produksjonseffekt | 1 195 137 | 7 237 256 | 13 846 177 | 6 010 094 | 542 536 | 2 332 910 | 6 441 371 | 37 605 481 |

Videre har vi totallønn i frávær som går ut over kommunes produksjonseffekt. Summen av regnskapsmessig effekt og produksjonseffekt viser at den er 37,6 mill.

Merknad til kostnad på vikar sjukdom.

Resultatområda har forskjellig behov for å ta inn vikar. Noen områder er det vanskelig å sette inn vikar på kort - og langtidsykdrom. Noen områder må det være vikar fra dag en på grunn av tjenesteproduksjonen. De områda som det ser ut for at tjener penger på sykefraværet, holder tjenestene i gang gjennom blant annet bruk av overtid. Dette er ikke tatt med i tabellen over.

Med helsing

Kristin Helle
Personal- og organisasjonssjef

Marit Jakobsen Åsheim
Personalrådgevar

| SAKSGANG | | |
|-----------------------|-------------------|------------------|
| Utval | Møtedato | Saksnr |
| Kontrollutvalet | 11.02.14 | 5/14 |
| | | |
| Saksansvarleg: | Arkivkode: | Arkivsak: |
| Toril Hallsjø | 033 | |

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2013

Vedlegg: Utkast til årsmelding for 2013

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal "*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget*".

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2013 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2013 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TILVEDTAK:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2013.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2013 frå kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 02.02.14

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KOMMUNE

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2013



KONTROLLUTVALET
TYSVÆR KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei melding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og/eller handsama i 2013.

I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret”.

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller direkte til dette.

2. MEDLEMMENE U UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011- 2015 har Tysvær kommunestyret følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

| | |
|-----------|------------------------------------|
| Leiar | Jakob Alstveit (Sp) |
| Nestleiar | Laila M. Ramstad Nemeth (A) |
| Medlem | Randi I. Rettedal (Frp) |
| Medlem | Tormod Førland (H) |
| Medlem | Gunnar Egge (V) |

Varamedlemmer:

1. Hanna Marit Molland (A)
2. Trond Fludal (H)
3. Ole Andreas Stakkestad (Sp)
4. Torbjørn Berge (H)

Tormod Førland er også kommunerepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har ikkje møtt i utvalet i 2013. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han møtte sjølv ein gong i fjor. Det same gjorde personalsjef, medan økonomisjef og teknisk sjef møtte i utvalet to gonger.

Kommunestyret vedtok eige reglement for kontrollutvalet i møte 20.06.12, sak 66/11

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2013

Kontrollutvalet har i 2013 hatt 4 møte fordelt på to møte på våren og to på hausten. Kontrollutvalet har hatt sine møte opne for publikum og presse sidan 2011. Etter lovendring frå 01.07.13 må no alle kontrollutval halde opne møte, med unnatak av når det er heimla i lov å lukke. Utvalet held sine møte i Kårstørommet i Tysvær rådhus.

Utvalet har i 2013 hatt **23** (26) saker til handsaming og **35** (32) saker til orientering. Som vedlegg til årsmeldinga er det laga oversyn over dei saker som er lagt fram for kontrollutvalet.

Ingen deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) på Gardermoen 05.-6.02.13 eller på Forum for kontroll og tilsyn sin konferanse i juni. Leiar Jakob Alstveit deltok på dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 07.11.13.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 28.05.13 kommunen sin årsrekneskap for 2013 til handsaming. Revisor .

Totalt sett blei rekneskapan for 2013 gjort opp med eit positivt netto driftsresultat på 26 mill. kr, som er 3 % av driftsinntektene. Revisor gjekk igjennom merknader knytte til rutinar og dokumentasjon. Utvalet var nøgd med gjennomgangen og meinte det var bra å få på plass nokre nye rutinar.

Kontrollutvalet bad kommunestyret fortsatt ha fokus på kommunen si låneutvikling., sjølv om reell lånegjeld i % hadde gått ned frå året før.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret.

Tysvær kommune sin plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 18.12.12,,sak 91/12. I planen er det tatt med åtte prioriterte prosjekt.

Utvalet bestilte forvaltningsrevisjon om «Samarbeid på tvers av tenesteområda» til møte i mars, men utvalet vedtok å endre prosjekt til « Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg i april. KPMG la fram framlegg til nytt prosjektmandat i mai. Ramma vart sett til 200 timar for prosjektet.

Rapporten blei oversendt og presentert utvalet i møte i november. Revisor hadde då sett opp ulike tilrådingar til kommune. Leiar gav ros for ein lettlest rapport og for grundig arbeid, og meinte rapporten gav eit rett bilete av situasjonen. Rapporten vart lagt fram for kommunestyret 26.11.13 og rådmannen har fått eit halvt år på seg til å gje tilbakemelding om oppfølginga av rapporten.

Utvalet har igjen sett i bestilling nytt prosjekt. Utvalet vill fyrst sjå på konsekvensane av nedskjeringar i skulesektor, men som følge av ulike igangsatte prosjekt, har utvalet no vedteke å sjå på budsjett- og økonomistyring generelt i kommunen.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2012-2016 og retningslinjene for selskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 18.11.12, sak 90/12.

Kontrollutvalet vedtok i 2012 å delta i selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS (IKA) i lag med dei andre eigarkommunane. Rapport utarbeida av Rogaland Revisjon IKS blei lagt fram for utvalet og kommunestyret i mars. Oppfølging av kontrollen (kva som var forbetra) blei lagd fram for kontrollutvalet og kommunestyret i haust.

4.4 TILSYN MED REVISJONEN

Kommunestyret vedtok å inngå avtale med KPMG AS som revisor i 2012 (møte 27.03.12, sak 25/12). Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til og forlengje avtalen med 1 år.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og ein eller fleire revisorar har møtt på alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Fylgjande personer frå administrasjonen har vore invitert til kontrollutvalet sine møte for å orientere: rådmannen, personalsjefen, økonomi sjef og teknisk sjef.

Utvalet har hatt spørsmål knytte til Sysco Arena-saka og barnehageutbygging i Skjoldastraumen.

Utvalet har også fått orientering om arbeidet med å få ned langtidsfråværet, statusoppdatering for arbeidet i prosjektet om kommunale avgifter og reglar for utvikling og gjennomføring av byggeprosjekt.

Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, budsjettvedtak, økonomiplanar, KOSTRA-tall, sjukefråversrapportar osv.

5 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

| Tjeneste 1100 | REGNSKAP 2013 | BUDSJETT 2013 | UTVALET SITT- FRAMLEGG |
|------------------------------------|----------------|----------------|---------------------------|
| KONTROLL OG REVISJON | | | |
| Godtgjersle, kurs, m.m | 4756 | 74 000 | 74 000 |
| Revisjonstenester (avt m/private) | 361.000 | 400 000 | 400 000 |
| Sekretariatstenester ((IKS) | 158 000 | 158 000 | 158 000 |
| Sum utgifter | 523.756 | 634 000 | 634 000 |

Kontrollutvalet handsama hausten 2013 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2014. Framlegg til budsjett var på kr 648.000 eks mva. I kommunestyremøte 12.12.13 blei budsjettet vedtatt. Utvalet har då sett av over 200 timer til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Utgiftene skal førast i KOSTRA på funksjon 110, slik at ein kan samanlikne med kva andre kommunar brukar på kontroll og tilsyn.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS kom i drift i 2005.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap (Deloitte, KPMG, BDO og Rogaland Revisjon), andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Året 2013 har vore eit normalår heilt til midten av desember då det blei hektisk som følge av arbeid med anbod på ei granskning. Sekretær for Sveio kontrollutval har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har i løpet av 2013 oppgradert sine heimesider. Nå blir mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar lagt ut på heimesidene www.kontrollutvalgene.no fortløpande.

Aasmund Austerheim er kommunen sin representant til representantskapet. Per Molland er vald som varamedlem. Arne Gjerde er nestleiar i styret for IKSet.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2013 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram to rapportar og administrasjonen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året. Ved sekretariatet har det endeleg vore eit normalår.

Aksdal 11.02.14

Jakob Alstveit (Sp)
leiar

Laila Ramstad Nemeth (A)
nestleiar

Gunnar Egge (V)

Tormod Førland (H)

Randi I. Rettedal (Frp)

SAMLET OVERSIKT – TYSVÆR KONTROLLUTVALG 2013

Saker til behandling:

- 1/13 Godkjenning av protokoll frå møte 20.11.12
- 2/13 Referatsaker 05.03.13
- 3/13 Rapport frå selskapskontroll – Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS
- 4/13 Kontrollutvalet si årsmelding for 2012
- 5/13 Utkast til prosjektplan – Samhandling i Tysvær kommune
- 6/13 Endring av forvaltningsrevisjonsprosjekt til vedlikehald av kommunale bygg og anlegg

- 7/13 Godkjenning av protokoll frå møte 05.03.13 og særutskrift i sak 6/13 frå 22.04.13
- 8/13 Referatsaker 28.05.13
- 9/13 Uttale til Tysvær kommune sitt årsrekneskap 2012
- 10/13 Utkast til prosjektplan - forvaltningsrevisjon - vedlikehald av kommunale bygg og anlegg

- 11/13 Godkjenning av protokoll frå møte 28.05.13
- 12/13 Referat- og orienteringssaker 24.09.13
- 13/13 Budsjett 2014 - kontroll og tilsyn – kontrollutvalet sitt framlegg
- 14/13 Revisor si eigenerklæring 2013
- 15/13 Oppfølging av revisors merknader til årsrekneskapet 2012
- 16/13 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2013

- 17/13 Godkjenning av protokoll frå møte 24.09.13
- 18/13 Referat- og orienteringssaker 12.11.13
- 19/13 Oppfølging av selskapskontroll – Interkomm. Arkiv (IKA) Rogaland IKS
- 20/13 Budsjett/økonomiplan for Tysvær 2014-2017 – Rådmannen sitt framlegg
- 21/13 Forvaltningsrevisjonsrapport – Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- 22/13 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 23/13 Møteplan for 2014

Saker til orientering i kontrollutvalet 2013:

1. Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak frå 01.07.13
2. Skatteregnskap – årsrapport og årsregnskap for 2012
3. Skatt vest - kontrollrapport 2012 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen for Tysvær
4. Statusoversikt mars 2013
5. NKRF si konferanse 06.-07.02.13
6. Sjukefravær 4. kvartal 2012 og totalt for 2012
7. Arbeidet med å få ned langtidsfraværet v/personalsjefen
8. Sjukefraværstatistikk 1. kvartal 2013 m/vedlegg
9. Barnehageutbygging i Skjoldastraumen v/rådmannen
10. Pressemelding frå KDR om rapport om interkommunalt samarbeid
11. Representantskapsmøte i IKA IKS 24.april
12. Representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 25. april
13. Representantskapsmøte i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS 7. mai
14. Representantskapsmøte i HIM IKS 15. mai.13
15. Generalforsamling i Haugaland Kraft AS 3. juni kl. 15.00
16. Generalforsamling i Haugalandspakken AS 11. juni kl. 15.00
17. Generalforsamling i Haugaland Bompengeselskap AS 11. juni kl. 15.30
18. Tilbakemelding til kontrollutvalet vedk. sak om kommunale utgifter v/teknisk sjef
19. Revisor Trond Kampen – overgang frå KPMG AS til Haugaland Kraft AS
20. Utgifter knytta til kontroll og revisjon – regnskapstall 2012 og 1. halvår 2013
21. Kommunebarometeret 2013
22. FKT- konferansen 2014 i Haugesund på Rica Maritim
23. Statusoversikt pr. september 2013
24. Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m. – eigenkontroll mv.
25. Kommunerevisoren nr. 3-13 «Antikorupsjon i kommunene – mer enn kontroll»
26. Handbok i antikorrupsjon «Beskytt kommunen»
27. Gjennomføring av byggeprosjekt – kommentarer/evaluering av reglar v/teknisk sjef
28. Kommunestyrevedtak 22.10.13, sak 47 – varamedlemmer kontrollutvalet - endring
29. Haustkonferansen 2013 - Forum for kontrollutval i Rogaland 07.11.13
30. NKRF- konferansen 2014 – 5. og 6. febr. 2014 - påmelding
31. Representantskapsmøte i HIM IKS den 13.11.13
32. Statusoversikt pr. nov. 2013
33. Spørsmål om habilitet i AS og IKS – svar frå KRD
34. Kontrollutvalet - ansvar og oppgåver
35. Kommunedag i Sveio 04. 12.13 – opplæring ved KPMG om off. innkjøp

| SAKSGANG | | |
|-----------------------|-------------------|------------------|
| Utval | Møtedato | Saksnr |
| Kontrollutvalet | 11.02.14 | 4/14 |
| | | |
| Saksansvarleg: | Arkivkode: | Arkivsak: |
| Toril Hallsjø | 216 | |

UTKAST TIL PROSJEKTPLAN – FORVALTNINGSREVISJON – «BUDJETT- OG ØKONOMISTYRING I TYSVÆR KOMMUNE»

Vedlegg: KPMG: Utkast til prosjektplan- «Økonomistyring i Tyvær kommune»,
(to versjonar, med og uten s. 6 som er unnatt off., Offl § 13/Forv.§ 13)

Saksorientering:

I møte 12.11.13, sak 22/13 bestilte kontrollutvalet ein prosjektplan innanfor temaet ”Konsekvensar av nedskjeringar i skulesektoren”. Etter nærmare dialog i etterkant, vart det gjort framlegg å endre tema til ”økonomistyring”. Kontrollutvalet vedtok gjennom skriftleg sakshandsaming, kalla sak 1/14, å endre tidligare vedtak og vidare be KPMG om å lage eit utkast til nytt prosjektmandat i brev av 10.01.14. Utkast til plan er oversendt sekretariatet 31.01.14.

Bakgrunn

Budsjett- og økonomistyring er eit prioritert tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015, som vart vedteke i kommunestyret 18.12.12. I den overordna analysen til planen står det at i økonomiplanen for 2013-2016 er rådmannens framlegg å ha ei samla innsparing i perioden på 55 mill. kroner. Det vil medføre ei svært omfattande omstilling, og vil innebere krevjande prosessar.

I spørjeundersøking som vart gjennomført i samband med overordna analyse, svarte over 35 % at det er i lite eller svært liten grad er sannsynleg at vedtatt budsjett vert fylgt opp.

Føremål og problemstillingar

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektmandat at føremålet med prosjektet vil vere »å undersøke om kommunen, i tider med store krav til innsparingar i kommunebudsjettet, har system og rutinar som legg til rette for å følgje opp lovpålagde krav og sikrar ei tilfredsstillande økonomistyring. Vidare er det eit føremål å undersøke i kva grad dette vert etterlevd – om praksis er i samsvar med lovpålagde krav og kommunen sitt eige system for økonomistyring».

Ved eventuelle identifiseringar av avvik, vil KPMG komme med forbetringstiltak.

Forvaltningsrevisjonen vil gje svar på fylgjande problemstillingar:

1. Korleis er den økonomiske situasjonen i Tysvær kommune?

Under problemstilling 1 vil forvaltningsrevisjonen mellom anna belyse fylgjande:

- *Korleis er situasjonen pr i dag?*
- *Korleis har situasjonen utvikla seg dei siste åra?*
- *I kva grad har det vore samsvar mellom budsjett og rekneskap dei siste tre åra?*

2. I kva grad har kommunen system og rutinar for å sikre tilfredsstillande økonomistyring?

Under problemstilling 2 vil forvaltningsrevisjonen mellom anna belyse fylgjande:

- *Kva retningslinjer/instruksar har kommunen for utarbeiding og revidering av budsjett?*
- *Kva rapporteringsrutinar har kommunen?*
- *Korleis blir avvik definert og handtert?*
- *I kva grad er kommunen sine system og rutinar i samsvar med lovpålagte krav*

3. I kva grad har kommunen tilfredsstillande økonomistyring i praksis?

Under problemstilling 3 vil forvaltningsrevisjonen mellom anna belyse i kva grad:

- *er den praktiske økonomistyringa i samsvar med lovpålagde krav?*
- *er den praktiske økonomistyringa i samsvar med kommunen sine system og rutinar*

På bakgrunn av funn knytt til problemstillingane, vil KPMG kome med forslag til tiltak for å redusere eventuelle gap mellom revisjonskriteria og praksis.

Forvaltningsrevisjonen vil gjelde kommunen sitt heilskaplege system for økonomistyring. I dette ligg eit hovudfokus på økonomifunksjonen i kommunen og dei system og rutinar som er felles for alle tenesteområda.

Avgrensing

Revisor har avgrensa prosjektet til å gjelde kommunen sitt driftsbudsjett, der hovudfokuset vil vere på budsjett for 2013 og tilhøyrande rapporteringar. For å svare på problemstilling 1 kjem dei og til å gjennomgå budsjett og rekneskap for 2011 og 2012.

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 200 timar. Timane er innanfor det som kommunestyret har sett av i budsjettet til forvaltningsrevisjon i 2014. Ut frå avtalt pris vil prosjektet komme ca kr 200.000 eks. mva.

Når det gjeld aktivitets- og framdriftsplan har KPMG bede om at den vert unnateke offentlegheit, då den syner selskapet si disponering av ressurar. Sekretariatet har teke ut denne sida (s.6) med heimel i Off.love § 13/ Forv. Lov § 13 og legg den berre fram i møtet.

KPMG skriv at oppstart vil vere i februar, datasainnsamling fram til juni og rapportering vil skje i september. Utvalet skal ha fyrste møte 9. september og neste møte 18. november.

Kontrollutvalet sitt novembermøte viser seg å vere lagd til same dag som kommunestyremøte og må difor flyttast. Sekretariatet viser til eiga sak.

Det vil være mest teneleg dersom rapporte var klar i august slik at rapporten skal kunne bli lagd fram for kommunestyret 23. september eller 28. oktober. Dersom rapporten ikkje kjem til septembermøte vil rapporten komme opp i november, dersom ny dato vert 4. november. Elles vil rapporten fyrst bli lagd fram for kommunestyret i budsjettmøtet 16. desember


Kontrollvalet må før endelig bestilling ta stilling til om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Budsjett- og økonomistyring i Tysvær kommune" i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 200 timar.

Aksdal, 31.01.14



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær